



Saluton leganto!

Hausten er komen for alvor, og det er kanskje ikkje tida for dei store reisene. Då kan du kanskje likevel "reise" litt digitalt og delta på årets virtuelle esperanto-kongress. Passar ikkje nett dette arrangementet, så finn du fleire på eventaservo.org.

Har du kommentarar til dette nyhendebrevet, send ein e-post til bergen@esperanto.no.

Virtuell verdskongress - delta frå sofaen heime

Tidleg i desember er det for sjette gong klart for Virtuala kongreso de Esperanto – det virtuelle motstykket til den tradisjonelle verdskongressen Universala kongreso. Her kan du lytte til føredrag, delta i kurs og diskusjonar, lytte til konsertar, møte forfattarar og prate med og utan fastlagde tema med esperanto-folk frå heile verda.

Tidspunktet er 4.-7. desember, og er du direkte medlem i det internasjonale forbundet, er det gratis å delta. I fjor var det meir enn 1200 deltakarar frå nesten nitti land. Finn ut meir på <https://vk.esperanto.net/2025/>



6-A VIRTUALA KONGRESO DE ESPERANTO

4-a ĝis 7-a de decembro 2025

"Esperanto kaj teknologioj kiel pontoj de paco kaj konfido inter la popoloj"

ĈEPAĜO ALIĜILO ALIĜINTOJ PROGRAMO KONTAKTOJ PRI



Blindeskrifta er 200 år

Nordmenn er ikkje så veldig «synlege» i den internasjonale esperanto-rørsla. Eit unntak er Otto Prytz, som i høve 200-årsjubileet for blindeskraft har bidrege med ein omfattande artikkel i Libera Folio.

Her kan du lære meir om kva blindeskraft er, og korleis skrifta har utvikla seg i desse to hundreåra. Les meir på <https://www.liberafolio.org/2025/10/07/brajla-skribo-jubileas-kaj-evoluas/>.

Vil du vite meir om arbeidet til Ligo Internacia de Blindaj Esperantistoj, finn du meir informasjon på <https://www.libe.slikom.info/>.

Centra Officejo er (endeleg) sold

I meir enn tre år har esperanto-verdsforbundet prøvd å selje sitt mangeårige hovudkvarter i Rotterdam. Sviktande marknad har gjort det til ein tung prosess, men no er endeleg lokala i Nieuwe Binnenweg 176 selde for 1,15 millionar euro.

Sjølv om organisasjonsarbeidet no er spreidd rundt i verda, har bokhandelen til forbundet framleis hatt tilhald i bygget, og det er så lang uklart kva som skjer vidare med denne tenesta. Les meir på <https://www.liberafolio.org/2025/09/27/uea-trovis-acetonton-por-la-domo-de-la-co/>



Norsk Esperanto-Forbund, Olaf Schous vei 18, 0572 OSLO. inform@esperanto.no, +47 92922355